



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Meland kommune/formannskapet ved rådmann

Deres ref.:

Vår ref.:

Vår sakshansamar.:

Arkivkode:

Dato:

13/00061-006

Anne Sofie N. Uthaug 111

30.11.2015

KOMMENTARAR TIL BUDSJETT2016

Følgjande er å peike på i budsjettforslaget som gjeld Meland sokn og kyrkjelyd. Vi har forståing for den vanskelege økonomiske situasjonen som kommunen er i, men må likevel peike på utfordringane for kyrkja.

Det er uheldig at kyrkja ikkje har fått tatt aktivt del i dei budsjettprosessane som har gått føre seg i kommunen. Dette har allereie vore teke opp med rådmann og økonomisjef.

Driftsbudsjettet:

Det er godt at kommunen set opp tilskotet med stipulert pris- og lønnsvekst på 2,7%. Utan dette er det ei faktisk nedskjæring.

Men kyrkja er ikkje tilgodesett med anna auke. Dette vil i praksis føre til at vi får det trongare komande år.

- Vi har vore nøydd til å skifte rekneskapsførar. Ingen av tilboda vi fekk var så billig som den ordninga vi har hatt. Her blir det auke i driftsutgiftene, på minst kr 40.000 pr år. Den endelege prisen blir kalkulert etter året er omme.
- Vi bad om eit tilskot til kyrkjejubileet, sidan kyrkja fyller 150 år i 2016. Det er planlagt eit breitt program med fokus på tilhøvet mellom folk og kyrkje. Dette har heller ikkje vorte tilgodesett i driftsbudsjettet. Det blir sendt eigen søknad om dette no.
- Som påpeikt i tidlegare brev, har kyrkja vore nøydd til å auke i stillingar, utan å få dette kompensert gjennom driftstilskotet. Kyrkja har ikkje fått auke i stillingar kompensert frå kommunen sidan 2004, då med ein liten auke i organiststillinga. Dette står i stor kontrast til veksten i stillingar i alle avdelingar i kommunen. I kyrkjestaben er det eit veksande sprik mellom dei mange oppgåvene, som også i kyrkja veks pga aukande folketal, og kapasitet til å fylle dei. Det går ikkje minst ut over kvaliteten på nødvendig administrativt arbeid og leiaroppgåver. Utan ein god del idealisme og gratis arbeid hadde det vore verre.

Investeringsbudsjettet:

Følgjande postar er komen med på forslaget til investeringsbudsjett:

- Kjøp av sentrumsareal
- Restaurering av orgel
- Nytt varmeanlegg og kabelnett til kyrkja
- Utviding av kyrkjegard – planarbeid.

Kjøpet av sentrumsarealet er svært viktig for at planlegging og innsamlingsarbeid for ny kyrkje/kulturhus kan ha retning og fart framover. Utan tomt er det svært vanskeleg eller umogleg å samle inn pengar til eit slikt prosjekt. Dei frivillige gåvene trur vi er viktige for at prosjektet skal bli mogleg å realisere. For dei

Adresse:

Postboks 117

Tlf/faks

Tlf: 56171480

Faks: 56171481

E-post/Internett:

post@melandkyrkja.no

www.melandkyrkja.no

Bankkonto / Org.nr.:

9999.99.99999

976 995 406



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

politikarane som ikkje er klar til å vedta sjølve kyrkjebygginga, så er vi heilt på det reine med at vedtak om å kjøpe tomt ikkje er det same som å vedta å bygge ei kyrkje/kulturbygg. Det er veldig forståeleg at ein ikkje er klar til å vedta eit stort byggeprosjekt akkurat no, sidan finansieringa er svært usikker.

Restaurering av orgelet er nødvendig pga skadar. Utsifting av kabelnett og varmeanlegg av brannsikringsomsyn er svært viktig å få gjort i kyrkja, av omsyn til brannsikring og hindre nye tørkeskadar på orgelet. Dessutan, og det fall ut i brevet i juni, treng det eit brannvarslingsanlegg. Desse postane har vore med på tidlegare økonomiplanar og budsjett, men har av kapasitetsgrunnar på kyrkjekontoret (sjå ovanfor) måtte utsetjast fleire gonger.

Det er viktig at planlegginga av utviding av kyrkjegarden kjem i gang, så vi ikkje kjem i ein situasjon utan ledig gravareal.

Utifrå at dette er store postar, har vi forståing for at ikkje det er rom for fleire investeringar i 2016, og ser ikkje noko poeng i å gjenta innspela frå vedtak i soknerådet i juni (vedtak 09.06.15, brev 10.06.15)

Venleg helsing

Anne Sofie N. Uthaug
Kyrkjeverje

Adresse: Postboks 117	Tlf/faks Tlf: 56171480 Faks: 56171481	E-post/Internett: post@melandkyrkja.no www.melandkyrkja.no	Bankkonto / Org.nr.: 9999.99.99999 976 995 406
---------------------------------	--	--	---